

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Monica Åsnes, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 17/8296-14

### Skaldegard AS - Klage på vedtak

#### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet tek ikkje til følgje klagen frå Skaldegard AS på vedtaket i FU-sak 28/18.

#### **Vedlegg:**

Klagen frå Skaldegard

#### **Andre relevante dokument i saka:**

- Fylkesutvalsak 28/18 Skaldegard – Søknad om løyvefritak for transport med personbil
- Høyring frå Norges Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane
- Løyvefritak ved persontransport, Aurland Taxi

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Bakgrunn for saka**

Skaldegard AS har sendt klage på vedtak gjort i FU 04.04.2018. FU må i denne saka ta stilling til om klagen skal takast til følgje. Saka gjeld løyvefritak, der fylkeskommunen har delegert mynde frå Samferdsledepartementet. Dersom FU står ved vedtaket av 04.04, går klaga vidare til Samferdsledepartementet for avgjerd.

#### Tidlegare vedtak

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 28/18 Skaldegard, søknad om løyvefritak for transport med personbil:

1. Persontransportkapasiteten til eksisterande løyvehavarar i Aurland kommune er tilstrekkeleg, rasjonell og fleksibel. Dei 2 drosjeløyvehavarane og ein turvognløyvehavar disponerer 10 vogner med persontransportløyve. Vognene er tilpassa marknaden, stasjonert på ulike stader, kan frakte både små og større grupper og dei har dessutan vogner som ivaretek transporttilbod til funksjonshemma. Med referanse til Rundskriv N-7 og N-8/2017, får dermed ikkje Skaldegard AS løyvefritak for transport knytt korkje til løyvefritak for småskala turistverksemd eller inn på tunet-ordninga.
2. Det er viktig å sikre marknadsgrunnlag for eit framtidig godt, fleksibelt og rasjonelt drosjetilbod 24 timar i døgeret året rundt. Før nye løyvefritaksaker vert lagt fram, ynskjer difor fylkesutvalet at det vert utarbeidd ei prinsippsak. Denne saka skal vurdere konsekvensane av eventuelle løyvefritak til småskala turistverksemdar og inn på tunet-ordninga opp mot svekka drosjetilbod.

#### Løyvefritak

Samferdsledepartementet har i rundskriv gjeve fylkeskommunane delegert mynde til å gje løyvefritak for persontransport for småskala turistverksemdar. Fritak gjeld t.d. guiding, sightseeing og andre opplevingsarrangement der det er nødvendig å tilby persontransport som ein tilknytt del av arrangementet.

Krava til løyvehavar er mykje likt som for andre løyvehavarar når det gjeld økonomi, vandel og køyresetel. Løyvefritaket gjeld for vognstorleik personbil. Dette er same vognstorleik som gjeld for dei fleste drosjeløyve.

Drosjeløyva er spesielle på den måten at dei er behovsprøvde. Det betyr at dei er avgrensa i tal (monopol), mot at dei påtek seg eit samfunnsansvar i form av driveplikt (tilgjengeleg 24/7).

#### Sentrale problemstillingar

Skaldegard ynskjer å få høve til å drive med persontransport knytt til reiselivsproduktet sitt i Skjerdal i Aurland. Ordninga med løyvefritak er retta mot mindre reiselivsbedrifter der persontransport utgjer ein mindre del av reiselivsproduktet.

Drosjenæringa er bekymra for at løyvefritak kan undergrave drosjeløyva.

Ordninga med løyvefritak legg opp til at inntil 5 bilar kan få løyvefritak inntil 3 år i kvart føretak.

Dette er ei viktig sak prinsipielt for heile fylket vårt, i tillegg til for løyvehavarane i Aurland.

#### **Klagen:**

Skaldegard gjer gjeldande følgjande hovudpoeng som grunnlag for klagen:

##### Økonomi:

Det er meir rasjonelt og økonomisk at guiden som er med gruppa også tek seg av transporten.

##### Fleksibilitet:

Dersom det kjem justeringar i opplegget er dette lettare å ordne når ein slepp å ta omsyn til tredjepart (drosje).

##### Tilgjengelegheit:

Om sommaren er det mykje aktivitet og ei travel tid for drosjene. Det kan vere utfordrande å få drosje når det er behov.

##### Ikkje tap av drosjepassasjerar

Det vil vere vanskeleg å drive slik reiselivsverksemd dersom ein vert pålagd å nytte tredjepart som transportør. Eit ev. løyvefritak vil etter Skaldegard si oppfatning ikkje føre til bortfall av passasjerar for drosjen.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Då saka var oppe til handsaming i FU vurderte fylkesrådmannen at søknaden frå Skaldegard fall inn under det som er formålet med *rundskriv N-7/2017, dispensasjon etter yrkestransportloven § 21, løyvefritak for småskala turistvirksomhet*. Eit løyvefritak vart av fylkesrådmannen ikkje vurdert til å vere skadeleg for aktiviteten til drosjene i området.

Men det vart og uttrykt at drosjestrukturen i fylket er sårbar med marginal omsetning. Saka om ev. løyvefritak har soleis også prinsipielle sider.

I rundskrivet frå departementet er fylkeskommunane delegert mynde til å gje løyvefritak. Det ligg i saka at det er opp til fylkeskommunane å gjere sjølvstendige vurderingar. Det er i rundskrivet ikkje lagt opp til at alle søknader skal imøtekomast.

I klagen frå Skaldegard er det ikkje kome fram vesentlege nye moment. Det einaste måtte vere at Skaldegard presiserer at dei truleg ikkje vil ha grunnlag for vidare drift dersom dei ikkje får løyvefritak. Dette er ikkje dokumentert, t.d. med tilvising til rekneskapstal for 2017.

Føreliggjande klage skal handsamast av det organet som har gjort vedtak, i dette tilfellet FU. Ein har her høve til å omgjere vedtaket og soleis imøtekomme klagar, alternativt kan ein velje å stå ved vedtaket sitt. Saka går då til avgjerd i departementet.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen viser til FU sitt vedtak av 04.04.18. I og med at FU då ikkje gav løyvefritak og det i klagen ikkje kjem fram vesentleg ny informasjon, reknar fylkesrådmannen med at FU står ved det vedtaket ein gjorde. Fylkesrådmannen si tilråding er tilpassa dette. Dersom FU står fast på sitt syn, vil klagen bli oversend Samferdsledepartementet for avgjerd.